

**Mange uskedelingar opplevde Eikemo**

26.06.2011

**Møtet med Jon Eikemo ved Vangsago i Rosendal laurdag kveld vart ein stor suksess med 250 frammøtte. Mange av dei var frå Uskedalen, meldar Knut Førland i Interasselaget. Han er strålende fornøgd med oppslutnaden. Dei nådde nesten rekorden frå 2008 då Eikemo samla 300 på den same staden.**

Frammøtet viser at Eikemo framleis er ein dyktig og populær skodespelar. Tilbakemeldingane etterpå er utelukkande positive.

Det vart eit hyggjeleg overskot og pengane kjem godt med i vedlikehald og drift av saga.